

Wright: Jeg vil gjerne i anledning av den ærede statsministers siste uttalelse få si at jeg først i dette øieblikk, eller for en halv time siden, er blitt bekjent med den skrivelse som er kommet fra Statens eksportkreditt-kommisjon. Jeg har forsøkt å treffe handelsråd Johannessen, som i første rekke har med disse ting å gjøre, men det har ikke lykkes. Stortinget skal jo slutte nu idag, og jeg har gått ut fra at det var heldigere at dette spørsmål ble reist mens Stortinget var samlet for lukkede dører. Jeg vil gjerne gjøre opmerk som på at jeg har kjennskap til at i allfall en del av de eksportartikler som det har vært gitt tilslagn om, ligger ferdig fabrikert og ferdig til eksport med første båt. Det vilde jo være meget uheldig for vedkommende selv, og jeg tror også for vår eksport til vedkommende land, om statens garantitilsagn nu plutselig trekkes tilbake.

Presidenten: Forhandlingene om denne sak er nu avsluttet.

Det blev i et tidligere stortingsmøte reist spørsmål om å offentliggjøre Innst. S. VIII «om nøytralitetsrådgjelder og om Hæren og Sjøforsvaret», og i henhold til forutsetningen har presidentskapet sammen med statsministeren og forsvarsministeren overveiet dette spørsmål. Resultatet er at presidentskapet foreslår at innstillingen ikke offentliggjøres.

Votering:

Presidentskapets forslag bifaltes enstemmig.

Presidenten: Så har hr. Kjær bedt om ordet for å rette et spørsmål til forsvarsministeren.

Kjær: Mitt spørsmål gjelder en sak som har stor interesse for de utkommanderte vernepliktige. Det er spørsmålet om lønn under militærtjeneste. Der er jo bestrebelse i gang både innen kommune og blandt mange private arbeidsgivere for å prøve lengst mulig å sikre utkommanderte familieforsørgere lønn. Men her støter man på en lite heldig og lite smidig bestemmelse i de nu gjeldende regler for utbetaling av familietillegg. Det heter:

«Familietillegg bortfaller når den vernepliktige beholder sin fulle lønn fra det civile erhverv under militærtjenesten. Hvis delvis lønn eller annen inntekt has under øvelsene, reduseres familietillegget med tilsvarende beløp.»

Jeg vil henstille at den regel forandres, således at det blir adgang både for private arbeidsgivere og for kommunene til å betale ut-

kommanderte et så stort tillegg til den militære ydelse at de tilsammenlagt kan oppebære hele sin ordinære lønn under militærtjeneste. Det vil ikke koste staten noget, og det vil ganske sikkert stimulere bestrebelsene for å la de utkommanderte beholde sin civile lønn også under militærtjeneste.

Statsråd Monsen: Jeg har ingen oversikt over hvad en sådan forandring som den hr. Kjær ønsket, vil koste eller hvad følger den vil medføre, men jeg har ingen ting imot at departementet tar spørsmålet opp til undersøkelse, og det skal bli gjort.

T. Sverdrup: Jeg vil henstille til den ærede forsvarsminister, når nu ansøkningene fra hvalfolkene om fritagelse for militærtjeneste kommer inn, at man vil se på det mest mulig velvillig. Jeg vil bringe i erindring at våre hvalfangermannskaper er specialmannskaper, og hvis man ikke forsøker å se lengst mulig velvillig på dette, kan man risikere at vår hvalflåte ikke blir bemannet med habile folk, hvilket kan bety særdeles meget under de nuværende forhold.

Statsråd Monsen: Til det vil jeg bare se at hvis det gjelder befal og maskinfolk, så er det, såvidt jeg skjønner, overmåte vanskelig å møtekommme sådanne ansøkninger.

Protokollen for det hemmelige møte ble derefter oplest og foranlediget ingen bemerkninger.

Møtet hevet kl.13,20.

Møte for lukkede dører mandag den 8 januar 1940 kl. 10,30.

President: Hambro.

Dagsorden:

Utenriksministeren vil gi en utredning.

Presidenten: I henhold til reglementet foreslår presidenten møtet holdt for lukkede dører, og foreslår at Regjeringens medlemmer og de i forretningsordenens § 54 nevnte funksjonærer gis adgang til å overvære møtet. — Ingen har uttalt sig derimot og det ansees enstemmig bifalt.

Likeledes foreslåes — etter anmodning fra Utenriksdepartementet — utenriksråden og ekspedisjonschef Smith gitt adgang til å overvære møtet. — Ingen har uttalt sig derimot og det ansees enstemmig bifalt.

Videre foreslår presidenten at representanter for den innenbys og utenbys presse etter fortegnelse fra Utenriksdepartementets pressekontor får adgang til å overvære møtet. — Ingen har uttalt sig derimot og det ansees enstemmig bifalt.

Når Stortingets presidentskap etter utenriksministerens ønske har utvidet rammen for den deltagelse fra pressens side i møtet som man hittil har vært vant til å følge, vil presidenten gjerne benytte anledningen før han gir utenriksministeren ordet, til å understreke betydningen av, at alle nærværende strengt overholder den taushetsforpliktelelse som alle har undertegnet skriftlig, både Stortingets representanter og de pressemenn som er tilstede.

Utenriksminister Koht har ordet for å avgå en redegjørelse.

Statsråd Koht: Sia Omfram-Stortinget sist var samla, no for 3½ månad sia, har eg ikkje mindre enn seks gonger hatt høve til å leggja fram for utanrikskomiteen dei spørsmåla som i denne tida har reist seg i utanrikspolitikken vår, og eg har greidd ut koss regjeringa har teki desse spørsmåla. Frå alt det som eg såleis har lagt fram, og frå all drøftinga om sakene i utanrikskomiteen, finst det stenografiske opprit, og det er såleis høve til å fylgle frå dag til dag alt det som er gjort i utanriksstyringa vår i desse fire krigsmånedene. Det har mange gonger i denne tida vori spurta om ikkje sjølv Stortinget burde vori innkalla, og det har vori drøft i regjeringa òg. Men for utanrikspolitikken har eg mått seia at eg hadde ikkje serskilde spørsmål eller saker som eg kunne leggje fram for Stortinget til avgjerd. Det har nok vori mange vanskelige spørsmål oppe; men det har da stått om utformingar eller ser-spørsmål som ikkje så godt kunne bli avgjort med drøfting i ei stor forsamling. I hovudsaka har Regjeringa alltid kunna byggja på det som Stortinget sjølv hadde slegi fast for all norsk utanrikspolitikk: ein ubryteleg nøytralitet til alle sider. Det har vori grunnsetningar for alt det som er gjort i desse månedene; det er det som har vori formålet for all utanriksstyringa: å halde Noreg utanfor krig og tryggje freden for landet på alle måtar. Fyrst i går og laurdag har det komi på ting som trugar fredspolitikken vår utover det som vi kunne rekne for ventande i krigstider, og difor er det just i dette stunda at Stortinget møtest i dag.

Det seier seg sjølv at eg kan ikkje i dag greie ut i historisk samanheng heile gongen i det som har spela inn og avgjort utanrikspolitikken vår mea krigen har stått på. Eg kan berre freiste på å leggje fram dei viktigaste

spørsmåla som har vori opp til forhandling eller til avgjerd, så Stortinget kan sjå koss Regjeringa har ført den nøytralitetspolitikken som måtte vera gjerninga hennar, og til aller sist når eg da fram til det som er faren i dag.

Stortinget veit at med det same den europeiske krigen braut ut i dei fyrtide dagane i september, sende Regjeringa ut høytideleg fråsegn om at Noreg ville vera nøytral, og dei nye nøytralitetsforskriftene som var vedteke i 1938, kunne da straks bli satt i verk. Dette var gjort samtidig for alle dei nordiske landa. Strengt teki hadde det kanskje ikkje vori naudsynt å sende ut slik ei nøytralitetsfråsegn; den staten som ikkje går med i ein krig, er sjølvsagt nøytral, og dei nye nøytralitetsreglane var sett i verk for Noreg for alle krigstilfelle alt ifrå 2 desember 1938. Men så var det no det at Tyskland sjølv ikkje ville kalle den militære ågangen mot Polen for krig, og det kunne difor vera nyttig for oss å slå fast at vi rekna dette for krig. Hovudsaka var likevel det reint psykologiske at vi kunn gjorde nøytralitetspolitikken vår for all verda og dermed sa at stormaktkrig ville ikkje vi la oss rote opp i.

Da så Sovjet-Samveldet tri månader seinare gjekk laus på Finnland med våpenmakt, da fann ikkje Regjeringa det var turvande å ferde ut ny nøytralitetsfråsegn. Og her var det òg noko psykologisk som spela inn. Vi kjente alle så sterkt uretten i dette overfallet, så det ville bli eit altfor stort mishøve mellom kjenslene våre og gjerninga vår, om det einaste vi skulle gjera offisielt var å forkynne nøytralitet. Hadde vi ikkje anna å seia — og det var ikkje mogleg offisielt å seia anna — så var det betre å teia stilt. Det var rådlegging om dette mellom dei nordiske regjeringane d.v.s. mellom oss og Danmark og Sverige, og vi vart einige om at vi denne gongen skulle seia frå om nøytraliteten vår på ein mindre formell måte, med talar som statsministeren eller utanriksministaren i kvart land heldt. Såleis var det da gjort òg; da kunne ein samstundes få sagt frå om den naturlege samhugen vår med Finnland.

I alle dei spørsmåla som krigen reiste både for nøytraliteten vår og på andre måtar, har det heile tida vori samråd og drøfting mellom dei nordiske regjeringane. Krigen dreiv oss i hop enda sterkare enn før, og det nordiske samarbeidet vart meir intimt enn noko sinne. Det syner seg greitt i alle dei utanriksministermøta som vart haldne i det siste året. For fem år sia tykte vi det var mykje at dei nordiske utanriksministrane kom i hop til møte to gonger på eit år; men det vart da etter kvart regelen at vi hadde to slike møte om året, nærmast til førebuing for rådmøte og for-

samlinga i Folkesambandet. Men i fjor møttes vi ikkje mindre enn sju gonger, og alle dei fem siste møta, på $3\frac{1}{2}$ månad, var det krigen som dreiv oss til. Den fyrste av desse fem gongene møttes vi i hop med utanriksministrane frå alle Oslo-statane. Det var den 23 august, og det var det møtet som slutta med den varme, men dessverre fåfengde fredsappellen frå kong Leopold. Åtte dagar etter, 30 og 31 august, hadde eg dei andre nordiske utanriksministrane hos meg her i Oslo. Det var dei aller siste dagane før krigen braut laus, og da var det nøytraliteten vår vi forkynnte. Så møttes vi på nytt i København, 18—19 september, og drøftingane på dette møtet gav eg utgreiing om i Stortinget dagen etter. Så var det både statschefsmøte og utanriksministermøte i Stockholm 18—19 oktober. Det skulle vera det sterkeste vitnemålet om det nordiske samhaldet at statschefane møttes; det var ein demonstrasjon av same slaget som kongemøta i Malmø og i Oslo under den førre verdskrigen. Og så til slutt var det norsk-dansk-svensk utanriksministermøte i Oslo 7 desember. Da kunne ikkje lenger Finnland vera med; for no var Finnland sjølv dregi inn i krigen, og det var just dette som gav tilstøyt til møtet.

Når eg no skal gå over til å tala om dei særskilde spørsmåla krigen kom til å reise, så må eg aller først ta fram forhandlingane våre med dei krigførande om handel og skipsfart. Eg skal ikkje i dag ta opp det spørsmålet som det frå fyrsten kunne vera usemje om koss ein skulle løyse, — spørsmålet om i kor stor mon staten skulle ta på seg ansvaret for ei viss handelsregulering. Etter alt som har hendt i desse månadene, trur eg ikkje det kan vera tvil om at så framt vi hadde lati dei næringsdrivande gruppene ordne seg med dei krigførande regjeringane, såleis som det vart gjort under den førre verdskrigen, så hadde heile næringslivet vårt fort komi under ein framand kontroll som ville vori uteleg for ein sjølvstendig stat. Det kan bli ille nok enda, og eg ser godt dei politiske føremonene det kunne hatt for nøytraliteten vår, om ikkje staten hadde hatt så mykje ansvar som han no har fått. Men eg trur ikkje vi hadde sloppa ifrå dette ansvaret likevel, og vi kan i det minste no gå fri for ymse leie ting som vi måtte tola under den førre krigen, t.eks. systemet med svartelister. Det kan vera ulemper med statsregulering og statsinngrep på ymse måtar; men i det store og heile trur eg at vi økonomisk har stått oss på at staten straks frå fyrsten tok så mykje av den økonomiske omsorg for landet i sine hender.

Stortinget veit at i tilhøvet til dei krigførande tok vi frå fyrste stunn fest i den

grunnsetninga at vi ville halde oppe handelen vår med dei i normalt omfang, — «den tradisjonelle handelen» som det vart kalla i fråsegna frå Københavns-møtet i september. I seg sjølv var det ikkje naudsynt etter ålmenn nøytralitetsrett å avgrense handelspolitikken vår på den måten. Ein nøytral stat har etter folkeretten lov til å drive handelen sin fritt til alle sider og minke eller auke han med kvart einskilt land plent som den nøytrale regjeringa sjølv ynskjer. Men røynslene frå den førre krigen hadde lært oss at dei krigførande maktene ikkje ville la seg lite med denne folkeretten; dei ville koma til å streve med å sperre handelen for kvar sin motpart så mykje dei berre kunne, og dei ville ikkje kvie seg for noko inngrep i den nøytrale handelen som kunne fremme dette formålet deira. Det var ut ifrå desse røynslene at dei nordiske statane samstelt tok standpunkt på regelen om «normal» handel, handel i fredstids-omfang. Og dei krigførande, først Tyskland, sia Storbritannia, sa seg viljuge til å gjera avtale om ein handelsskipnad på dette grunnlaget.

No skal eg ikkje skildre i det einskilde gangen i dei forhandlingane som sia har vori ført om slik ein handelsavtale. Men eg må nemne at for Noreg kom det inn eit serskilt spørsmål som kom til å hefte forhandlingane sterkt. Det var spørsmålet om bortfrakting for den norske handelsflåten. Vi visste godt på førehand at det at landet vårt eig så stor ein flåte av handelsskip, det ville i ein europeisk krig vera både ein styrke og ein fåre for oss. Alt før denne siste krigen braut ut, var det ymse statar som tenkte dei måtte kunna gjera seg nytte av denne flåten vår, — statar som ville vera nøytrale og som gjerne ville trygge tilførslene sine i krigstida. Statar som Belgia, Sveits og Uruguay hadde teki opp dette spørsmålet med oss og i nokon mon drivi forhandlingar om det. Men serskilt visste vi — just ifrå røynslene frå førre krigen — at Storbritannia i lag med Frankrike ville freiste få så mykje som råd kunne vera av flåten vår i si teneste når det vart krig. Og det synter seg da og at straks i september månad kom krevet frå Storbritannia om å få frakta ein stor part av den norske handelsflåten. Skipsreiarane våre hadde frå fyrsten ingen hug til å lova bort skutene sine såleis med ein gong; dei visste at den britiske regjeringa hadde sett maksimalfrakter som ikkje gav rimeleg vinning for den britiske handelsflåten, og dei ville helst vente og sjå om ikkje Storbritannia skulle bli nøydt til å by høgare frakter. Den norske regjeringa ville ikkje tvinga reiarane til å tinge om slik ein frakt-avtale når dei sjølve helst ville vente, og dessutan måtte

ho ynskje å binde i hop bortfraktinga med forhandlinga om ein heil handelsskipnad, så landet vårt kunne få betre vilkår for handelen sin.

For det fyrste vart det da — i slutten av september — sendt ein delegasjon til London som berre skulle forhandle om dei ålmene vilkåra for ein frakt-avtale; dette kunne bli ei forhandling mellom regjeringane, og så kunne skipsreiarane aleine greie sjølve frakt-avtalen, — sjølv sagt var dei med i denne fyrste delegasjonen og. Men da det kom til stykket, ville ikkje engelskmennene vera med på slik ein førehandsavtale som berre ville tryggje visse rettar for Noreg og enda ikkje gav Storbritannia nokan visse for at det fekk dei skutene det ville ha. Engelskmennene ville ikkje forhandle om nokon ting før dei hadde sjølve frakt-avtalen grei. Og eg må da her skyte inn at det var mange ulemper for Noreg med at vi ingen ålmenn handelsavtale hadde; engelskmennene gjorde mykje ugagn for handelen vår med å ta skipa våre inn til hamnene sine til ettersyn, og dei kom med fæle krav til reiarane og forretningsmennene våre om alt det dei skulle binde seg til av plikter så framt dei skulle få lov å føre last heim til landet.

Det vart da ingen annan utveg enn at vi måtte la skipsreiarane ta opp serskild forhandling i London om ein fraktavtale, og Norges Reder forbund sende ein delegasjon av sine folk dit i andre helvta av oktober. Vi gjekk ut ifrå at vi så samstundes skulle føre offisiell forhandling her i Oslo om ålmenn handels-avtale, og den britiske regjeringa sa seg viljig til det. Men eg må seia at ho gjekk ikkje fram på heidersmanns vis mot Noreg i denne saka. For veke etter veke sette ho ut med å sende ombodsmenn til forhandlinga i Oslo, somtid på reint tome grunnar, somtid med den grunngjevinga at det teikna så låkt med forhandlinga i London om fraktavtalen. Jamvel dagen før forhandlarane i London nådde fram til semje, fekk vi høyre i Oslo at det helst såg ut til brot. På den måten lukkast det for Storbritannia å koma til endes med forhandlinga om frakt-avtalen før det enda hadde komi forhandling i gang om handelsavtale. Eg hadde til slutt med harde ord tvinga meg til å få ein engelsk ombodsmann hit-send; men han kom uta fullmakt til å setja opp noko slag avtale, så det vart berre rein førebuingsforhandling, — ho kunne for seg sjølv vera nyttig nok til opplysning.

Frakt-avtalen vart vedteken av Norges Reder forbund den 20 november. Det kan vera mykje godt å seia om den. Men eg skal ikkje gå noko nærrare inn på han. For den norske staten var ikkje ein part i denne avtalen; det

var Reder forbundet som tok ansvaret for han. I det store og heile kunne reiarane vera velnøgde med dei vilkåra dei fekk. Men enda meir velnøgd kunne den britiske regjeringa vera; for ho fekk lovnad på å få frakte ein stor part av den norske handelsflåten ut gjennom det året som fylgde. Det vart likevel — og dette er viktig å hugse på — slegi fast både på førehand og samstundes med vedtaket at fekk ikkje Noreg inna rimeleg frest ein ålmenn handelsavtale med Storbritannia i stand, så ville fraktavtalen førebels bli sett ut or kraft frå norsk side. Storbritannia skulle ikkje ha vinningen av frakt-avtalen så framt ikkje Noreg fekk rimelege vilkår for handelen sin med dei krigførande og med landa på andre sida havet.

Ein liten merknad må eg enda gjera med omsyn på fraktavtalen. Det har somtid vori sagt — eg har set det i eit og anna blad — at samanhengen var den at fyrst sende Regjeringa ein departmental delegasjon uta serskild sakkunnskap til London, og den kom heimatt tomhendt; men da så dei sakkunnige fekk sleppe til å forhandle, da gjekk det bra. Eg trur at den som har fylgt med i utgreiinga mi, lett kan sjå at slikt eit syn på tilgangen ikkje har minste grunnlag for seg; det var ikkje skort på sakkunnskap, men ein skilnad i sjølve oppgåva som gjorde at berre andre delegasjonen kunne nå fram til ein avtale. Og frå ålement nasjonalt standpunkt var det ikkje ein vinning, men ein veikskap at denne avtalen — om bortfraktinga — kom i stand for seg sjølv, ikkje i lag med heil handelsavtale. Verknaden av denne veikskapen vart no i hovudsaka avbøtt med det skilordet som vart sett, — og som på engelsk side vart godkjent, — at frakt-avtalen ikkje skulle vera endeleg før handelsavtalen òg var i hamn. Og ein hadde rett til å rekne med at den godviljen som frakt-avtalen skapte i England, skulle bli til gagn for forhandlingane om handelsavtalen. Utigjennom november var det no mykje drøfting i Oslo om handels-spørsmåla med den britiske ombodsmannen som hadde komi hit, og ein kom etter kvart fram til semje om eit grunnlag for avtale. Det var ymse reint praktiske spørsmål som ikkje vart tekne opp til endeleg løysing, og for så vidt batt ikkje nokon av partane seg endeleg til noko av dei utkasta som vart sett opp. Men dei vart i det minste einige om at ein i hovudsaka skulle bygge på grunnsetninga om normal handel for Noreg, såleis at Noreg skulle få dei tilførslene det hadde bruk for til å halde produksjonen sin oppe, og skulle få utføre til motparten, Tyskland, vanlege varer i normalt omfang. Innafor denne grunnsetninga kunne det vera mange modalitetar og difor

usemje om ymse spørsmål. Men så lenge grunnsetninga stod fast, måtte det alltid vera mogleg å koma til liks om dei einskilde spørsmåla, og vi gjekk da på norsk side ut ifrå at den endelege forhandlinga som skulle gå for seg i London, i fyrste rekke måtte bli ei teknisk forhandling. I fyrstninga på desember tok det så i veg til London ein ny regjeringsdelegasjon, og eg torer vel seia at for dette formålet var han uvanleg sterkt samsett; han hadde ombodsmenner for alle dei hovudnæringane som det kunne bli spørsmål om i den nye drøftinga.

I den fyrste veka heldt no forhandlinga seg på det grunnlaget som på førehand var lagt, og det tyktes vera god von til å få i stand ein rimeleg avtale. Men så den 16 desember sprang ei bombe. Da la dei engelske forhandlarane fram eit heilt nytt program og ville bygge handelsavtalen på eit heilt nytt grunnlag. Den same ombodsmannen som hadde vori med i Oslo, sa at no hadde det komi i dagen at tyskarane med mine- og ubåt-krigen sin gjekk ut på å sperre alle tilførslene til Storbritannia, og da måtte den britiske politikken bli å svara med same sperringa for Tyskland. Difor måtte den britiske regjeringa no krevja at Noreg skulle slutte heilt med å utføre til Tyskland så godt som allting av fisk og fiskeprodukt, — kvalolje og sildolje, sildemjøl og fiskemjøl, sild og annan fisk. Kravet kom i så kvass ei form som ein berre kunne tenkje seg. Og det var ikkje fritt for at det kom i fylgle med reine trugsmål. Det vart sagt at den britiske regjeringa ikkje ville bruke våpenmakt imot oss; men det vart sleppa på at ho kunne nytte blokade, plent som imot eit land ho var i krig med. England ville vinne krigen, og det ville det ha vår hjelp til, — det var meininga med kravet. Men dermed var det med det same sagt at gjekk vi med på det, så var det slutt på nøytraliteten vår.

Alt dette kom som eit slag for dei norske forhandlarane, og det er greitt at dei straks protesterte sterkt imot å føre handelsspørsmåla over på slikt eit grunnlag. Men når det her galdt ein heilt ny politikk, så måtte Regjeringa gripe inn med føreteljingar i politisk form. Sendemannen vår i London har difor først, den 19 desember, vori med til ministeren for økonomisk krigsførsel, og sia, den 27 desember, har han vori hos sjølve den britiske utanriksministeren. Han har i desse samtalene haldi fram det politiske synspunktet at Noreg ikkje kan gå utafor nøytraliteten sin, og han har kunna vise til at slike krav som til Noreg har den britiske regjeringa ikkje reist til Sverige eller Danmark. Eg må straks seia at den britiske regjeringa held ikkje lenger oppe kravet om utførselssper-

ring i så stri ei form som det frå fyrsten var sett i; ho har bodi seg til å lempe på det med å lova løyve til utførsel for visse mengder av dei varene det her var spørsmål om. Men for dei fleste av desse varene er det så små mengder ho vil la oss få selja til Tyskland, så det ville vera eit opplagt brot på regelen om normal handel. Og når vi så spør kvifor ho vil setja så mykje strengare krav til oss enn til grannelanda våre, så får vi det kyniske svaret at det er for di ho reknar med at ho av reint geografiske grunnar har betre tak på oss, har lettare for å stenge den norske utlandshandelen. Det same har ho elles sagt til Island òg, og ho vil stenge *all* handel mellom Island og Tyskland.

Vi har halde fram med forhandlingane i London i dei siste tre vekene òg, vi har ikkje vilja bryte dei så lenge det kunne vera noko slag von om å finne fram til ein avtale, og vi har da vunni eit stykke lenger fram i denne tida. Men eg trur ikkje at vi kan koma til nokon rimeleg endskap uta vi styrker forhandlingsdelegasjonen vår reint politisk, og det held vi no på og drøfter i regjeringa. Eg har dessutan meint det ville vera nytig å la engelskmennene få merke at det kunne vera til meins for dei om frakt-avtalen skulle koma til å gå tilbake, og difor har eg bedi Reder forbundet om å halda noko att på bortfraktinga til England, — dei skal få høyre der borte at det har samanheng med at England har sett så urimelege krav til handelsavtalen.

Det kunne vori andre spørsmål i nemne som vedkjem desse handelsforhandlingane. Men eg har vilja halde meg til det som er hovudsaka og som avtalen heng på. Eg vil enda ikkje gje opp vona om å få ein avtale i stand.

Så lenge vi ikkje har nokon avtale med Storbritannia — og med Frankrike som fylgjest med Storbritannia — er det ikkje godt mogeleg å gjera opp nokon avtale med Tyskland heller, og det er berre førebuingssdrøftingar vi enda har hatt til den sida. Eg må elles seia at får vi ein nokolunde rimeleg avtale med Storbritannia, så trur eg ikkje det skulle bli så vanskeleg å koma til liks med Tyskland.

I all denne tida som har gått uta nokon avtale, har Regjeringa så godt som mogleg fylgt den regelen at ho skulle gå likt fram mot alle dei krigførande og halde handelen med dei på normal høgd. Men det har vori mange vanskar med dette.

Det verste meinbægje for handelen vår har vore *minekrigen* i havet. Det er ille nok at dei krigførande har lagt ut miner på store sjøområde til sperring mot handel med fienden; men desse mine-områda har da i det minste jamnast vori kunngjorde på førehand, —

dessverre ikkje alltid i god tid, så det har hendt mange ulukker på desse områda. Enda verre er det med alle dei minene som har sliti seg laus og drivi i kring i havet. Etter mellomfolkeleg avtale skulle dei ha vori såleis konstruert at dei da vart ufarlege. Men det har synt seg til overmål at dette ikkje har vori gjort eller at det ikkje har lukkast å gje- ra det, og fylgja har vori at mange skip har vorti minesprengt. Noreg har på den måten tapt til i dag 25 skip på isaman 68 000 tonn. I some tilfelle kan det ha vori mistanke om at skulda for ulukka ikkje var minesprenging, men torpedering frå ubåtar. Men ikkje i noko tilfelle har vi kunne få prov for noko slikt, så vi har ikkje kunna protestera hos nokon av dei krigførande.

Ubåtkrigen mot den nøytrale handelen må ein vel seia at Tyskland har vori aleine om, og han har etter kvart vorti utvida meir og meir. Fyrst galde han berre kontrabandeførsel; men snart kom han til å vende seg imot all vareførsel til fienden. Inkje skip kan lenger kjenne seg trygt.

Storbritannia har heft og hindra den nøytrale handelen på andre måtar, fyrst og fremst med å føre skutene våre inn i britisk hamn til ettersyn og rannsaking. Utanriksdepartementet har mått gripe inn i ei mengd med slike tilfelle, og legasjonen i London har hatt eit stort arbeid med å få laus slike inntekne skip; han har til slutt mått få ein ser-skild skipsfartmann til å hjelpe med dette arbeidet.

Den britiske regjeringa sette det kravet at alle som førde varer heim til Noreg, skulle binde seg til at desse varene ikkje vart ført ut att og at dei ikkje på nokon måte vart nytta til å produsera varer som sia vart ført ut til Tyskland. Ville ikkje dei norske forretningsfolka gå med på å gje slike garanti-fråsegner, så heldt den britiske sjøkontrollen både skip og last tilbake. Den norske regjeringa arbeidde av all makt imot at norske forretningsfolk skulle ta på seg slike plikter til ei framand makt; ho kravde at den britiske regjeringa skulle nøyast med det ålmenne utførselsforbodet som galde her i landet og med den norske lovnaden om å halde utførsla til Tyskland på normal høgd. Om desse spørsmåla har det stendig vori strid, og ein gong laga den britiske legasjonen i Oslo slik ein formular for garanti-fråsegns så eg måtte sende fram eit alvorleg motmåle, — det var den 16 oktober. Eg skreiv at Regjeringa kunne ikkje finne at det var i samsvar med føresetningane for den forhandlinga vi da heldt på med, å koma med krav på slike fråsegner, og ho måtte ráde dei norske forretningsfolka frå å skrive under på dei. Det har

vori eitt av formåla med forhandlinga om ein ålmenn handelsavtale at ein skulle bli heilt fri for alle private garanti-fråsegner. Røynslene frå den førre krigen hadde lært oss kor farlege dei kunne bli; dei la norsk handel og produksjon hardt inn under utalands kontroll.

Både for minekrigen og for handelskontrollen spela spørsmålet om krigskontrabande mykje inn. Straks frå fyrsten sette både dei krigførande partane opp kontrabande-lister, og dei hadde den føremonen framfor listene frå den førre krigen at dei gjorde skilnad på vilkårslaus og vilkårssett kontrabande. Skilnaden vart no for noko utviska, og enda verre var det at varer som slett ikkje var nemnt på lista, vart tolka inn der ute varsel. Såleis ei vare som våt tremasse, med den grunngjevinga at ho kunne bli omlaga til cellulose, og cellulose var brukande til ammunisjon. Og papp var kontrabande for di ein kunne nytte det til å pakke ammunisjon inn i. Det var Tyskland som tok til med slike inntolkingar, og den norske regjeringa har difor i oktober og november gjort føreteljingar hos den tyske regjeringa mot denne framferda. Den tyske sendemannen i Oslo hadde alt i september sagt ifrå at Tyskland berre ville fylge føredømet til Storbritannia i kontrabandespørsmålet, og eg fekk difor fyrst fråsegn frå den britiske regjeringa om at ho for sin part ikkje ville rekne dei nemnde varene for kontrabande. Men det hjelpte ikkje; den tyske regjeringa sa at ho ville la priserettane avgjera spørsmålet, og dei heldt fast på den tolkinga som drog jamvel slike varer inn under kontrabandeomgrepene. Likevel har kanskje framferda vorti noko lempelagare i det siste; men nokon tryggleik har vi ikkje vunni.

Eit nytt inngrep imot den frie nøytrale handelen kom da den britiske og den franske regjeringa kunngjorde (sist i november) at dei ville stanse og gripe alle tyske varer som vart utført over nøytrale land og i nøytrale skip. Denne meldinga kalla fram kvasse protestar frå mange nøytrale regjeringar, deriblant den norske. I føreteljinga frå Noreg heitte det at det var svært lite av tyske utførselsvarer som vart borne ut i verda i norske skip, så det ville berre vera unyttig plage og kostnad å stanse norske skip for rannsaking etter tyske varer. Den norske regjeringa visste ikkje om noko folkerettsleg grunnlag for slikt eit tiltak, og om det var esla til represalie mot den tyske minekrigen, så kunne ikkje den norske regjeringa godkjenne nokon rett til å vende slike represalier mot den lovlege nøytrale handelen. Men alle slike føreteljingar hjelpte ikkje; Storbritannia gav ut ordnar om å setja i verk rannsakinga etter tyske utførselsvarer,

deribland jamvel varer som inneholdt berre ein viss prosent av tyske råemne, og dermed har da desse to maktene dregi enda meir av den nøytrale handelen under sin kontroll.

Enda meir i strid med folkeretten er det når den britiske regjeringa har teki seg til å rannsaka posten om bord på nøytrale skip. Her er det beint fram brot på mellomfolkeleg avtale som Storbritannia har skrivi under. Det står i ein av Haag-konvensjonane frå 1907 (nr. XI, art. 1) at brevpost er ukrenkeleg i krig, jamvel på skip som høyrer til krigførande land, og alltid må bli framsend så fort som råd er til den han er esla til. Men de britiske myndighetene har likevel teki posten i land frå norske og andre nøytrale skip som dei har ført inn til hamnene sine, og gjevi seg til å rannsaka han der. Den norske regjeringa reiste kvasst motmæle mot slik framferd den 4 desember. Men den britiske regjeringa gav seg ikkje; ho kom med det meiningslause argumentet at når nøytrale skip kom inn i britisk hamn, så kom dei dermed under britisk lov, og så skulle da denne lova gjelde framfor traktat med andre statar. Elles sa den britiske regjeringa at formålet med rannsakinga berre var å ta tysk post og så hindre ulovleg varførsel i pakkeposten. Men eg kunne prove at kontrollen gjekk mykje lenger; for eg kunne leggje fram for den britiske sendemannen i Oslo eit brev til meg personleg frå ein mann i Amerika som bar stempel om at det var opna av britisk censur. Kanskje det kan hjelpe noko at no den amerikanske regjeringa like eins har protestert mot slik traktatstridig framferd.

Eit anna vitnemål om at dei krigførande ikkje tek det så nøye med lov og rett, er at vi har konstatert at den britiske legasjonen i Oslo har haldi i drift ein løynleg radio-sendar i huset sitt her. Dette er i strid med norsk lov frå 1899 og dessuta med Haagkonvensjonen nr. V, art. 3, og eg sende den 18 desember ei føreteljing til legasjonen om dette. Om det har hjelpt, veit eg ikkje. Vi har dessuta mistanke om at den tyske legasjonen like eins har ein løynleg radio-sendar i Oslo; men vi har ikkje noko prov for det enda.

Krigen har ymse gonger ført til at *nøytraliteten* vår har vori krenkt, serleg på den måten at krigsfly har komi inn over grensene våre. Berre sjeldan har det vori råd å få slegi fast nasjonaliteten for slike fly. Men i nokre få tilfelle kunne vi prove at både tyske og britiske fly såleis hadde broti nøytraliteten vår, og da protesterte vi i Berlin (19 oktober) og i London (10 november). Mykje alvorlegare er det likevel om det er så at nokre framande skip har vorti minesprengt eller torpedert innafor det norske sjøområde; spørsmålet

gjeld ein engelsk båt på Vestfjorden (7 desember), ein gresk båt på Folla (11 desember) og ein engelsk båt utafor Staden (13 desember). Det vart med det samme meldt at desse hendingane hadde gått for seg på norsk område. Men dess verre har ikkje Utanriksdepartementet enda fått dei rettlege prova som det i tilfelle kunne bygge ein protest på; eg ventar no kvar dag resultatet av dei ettergranskingane som har mått til. Men etter det som eg i går fekk høyre, skulle det vera visst at dei to fyrste minesprengningane (eller kanskje torpederingane, — det er no elles lite rimelig) hende utafor den 3-milsgrensa som vi har forkynt at vi forsvarar i denne krigen. Det er berre det tridje tilfelle, det med «Deptford» utafor Staden, som utvilsamt ligg innafor den norske sjøgrensa; men om det her gjeld minesprengning eller torpedering, er enda på det uvisse, — noko prov for torpedering ligg i det minste ikkje føre.

Utan omsyn til det som rettsleg ettergransking kan gje opplysning om, har likevel den britiske regjeringa teki desse siste hendingane til grunn for ein aksjon som ville vera den verste nøytralitetskrenkinga landet vårt enda har vori utsett for. No siste laurdags kveld i førrdags, kalla den britiske utanriksministeren den norske sendemannen i London til seg og sa at dei hendingane det her galdt, synte at Tyskland har gjort dei norske farvatn til trugsområde, — lord Halifax gjekk såleis ut ifrå at det i alle tre tilfelle var tale om tysk torpedering. Og, sa utanriksministeren, når Tyskland gjekk fram på den måten, så ville no Storbritannia ta seg rett til å nytte det norske sjøområdet for sine eigne krigstiltak; det ville la orlogsskipa sine gå inn i dei norske farvatna med det formålet å hindre at dei vart nytta til bruk for tysk skipsfart og handel.

Eit sterkare trugsmål har aldri vori reist mot norsk nøytralitet, og i røynda ville det det seia at Noreg skulle bli dregi inn i krigen. Det er heilt klart at slikt eit tiltak frå engelsk side ville vera i open strid med all mellomfolkeleg rett; om *ein* stat forbryt seg mot ein annan, så får ikkje dermed ein tridje stat rett til å gjera same forbrotet eller jamvel eit enda verre. Og Tyskland ville utvilsamt gjera mot-tiltak av same slaget, — da var norsk område i full meinung gjort til krigsområde. Den norske sendemannen protesterte sjølv sagt straks med stor styrke imot den britiske planen, og den norske regjeringa sende fram i går ny protest. Dessuta telegraferte kong Haakon til kong George personleg og bad han hindre at planen vart sett i verk. Alt måtte bli sett inn til motstand imot at landet vårt såleis skulle bli tvinga til å bli part i krigen.

Eg må vedgå at eg kan ikkje fri meg for den mistanken at den britiske regjeringa beint fram har sett seg til føremål å drive oss inn i krigen. Ho seier stendig at vi godt kan bli verande nøytrale; men samstundes krev ho at vi skal hjelpe dei allierte mot Tyskland. Det var det som låg i kravet om handelssperring mot Tyskland, og det er dessuta med i spørsmålet om krigshjelp mot Russland. Men tiltaket med å vilja nytte norsk område for sjølve krigsførsla er det som aller mest ville vera i strid med nøytraliteten vår, og vi må protestere og verja oss mot dette så langt vi evnar.

Eg kjem no over ifrå stormaktskrigen i Vest-Europa til den krigen som Sovjet-Russland har teki til med imot Finnland, og dei spørsmåla som denne nye krigen har reist for Noreg. Det er kjent for alle at sovjet-regjeringa i oktober og november tinga med Finnland om ymse krav ho hadde som fyrst og fremst skulle vera til trygd for det russiske forsvaret imot fiendsleg ågang. For den skuld var det at Sovjet tinga dei små baltiske statane sønnafor Finskevika til å ta imot russiske hærfolk innafor landområdet sitt, og no ville det trygge seg i Finnland på same måten. Alle kjenner no krava: Russland ville ha nokre finske småøyar inst inne i Finskevika og eit stykke av landet på det Karelske Eidet mellom Finskevika og Ladoga, dessuta eit stykke lengst nord med Ishavet (vestparten av Fiskarhalvøya) og så hamn for orlogsflåten sin på Hangø eller på øyar der i nærleiken. Frå fyrsten kravde Russland fullt forvarssamband med Finnland, men gav opp dette kravet.

Mea forhandlingane om alt dette gjekk på, vart det haldi det statschefs- og utanriksministermøtet i Stockholm som eg før har nemnt, 18 og 19 oktober. Det som gjekk ut ifrå dette møtet, det var ei ny og sterkt fråsegn om at alle dei nordiske landa ville vera nøytrale, og ingen kunne vera i tvil om at det russiske kravet på flåtehamn innafor finsk område ville føre Finnland utafor den fulle nøytraliteten. Men eg vil få streka under at eg slo det klart fast på dette møtet og fekk det godkjent av dei andre, at vi ifrå dei andre nordiske landa ikkje gav Finnland noko råd i noka lei i spørsmålet; det var Finnland aleine som måtte ta ansvaret for avgjerdene sine, og inkje anna land batt seg på nokon måte til å hjelpe Finnland, om den finske regjeringa ikkje ville godta dei russiske krava.

Forhandlingane kom til å strande på Hangø-spørsmålet, og så sende Russland hærmakta si mot Finnland. Eg må vedgå for min part at eg ikkje hadde kunna få meg til å tru at sovjetregjeringa ville triva til våpna; eg tykte det ville vera eit altfor grovt brot

imot all lov og rett. Eg får leggje attåt at dei framande diplomatane i Moskva meinte det same. Og sjølve den finske regjeringa trudde ikkje heller på krig. Men vi tok alle i hop i mist, — krigen kom. Finnane sette seg til motverje med all den makta dei åtte, og heile verda har vori oppi under om kor godt dei har greidd å halde den russiske overmakta tilbake.

Den finske regjeringa tok saka si opp for Folkesambandet, og det var det som gav tilstøyten til utanriksministermøtet i Oslo den 7 desember. Der var vi einige om at vi ikkje kunne vera med på nokon ny freistnad på å setja i gang sanksjonar etter artikkel 16 i sambandspakta, såleis heller ikkje på det framleggset som hadde komi om å ekskludere Russland or Sambandet. Og dette standpunktet heldt vi opp på sambandsmøtet fra 11 til 14 desember. Eg må nemna at eg på førehand hadde ein telefonsamtale med den finske utanriksministeren Tanner, og da eg tok opp med han spørsmålet om eksklusjon, svara han med ein gong: «Kor skulle det hjelpe oss?» Det vi ville — og det som Finnland ville — det var at Folkesambandet skulle gjere tiltak til å få nye fredlege forhandlingar i gong mellom Russland og Finnland. Men Sovjet-regjeringa avviste dette, og sambandsforsamlinga gjorde da vedtak om å avdøma den russiske fremferda. Konklusjonen på vedtaket skilde seg i to partar: den eine parten var ei oppmoding til alle statar om å gje Finnland materiell og humanitær hjelpe, og det kunne vi godt vera med å røyste for; den andre parten var eksklusjon for Sovjet-Samveldet, og den måtte alle dei nordiske statane ta fråstand ifrå.

Det som vart det aktuelle spørsmålet, det var hjelpe til Finnland. Alle statane som tok opp dette spørsmålet var einige om at dei ikkje ville gå inn i krig mot Sovjet-Samveldet, og i Sverige var dette serskilt understreka med di at dei skifte utanriksminister og laga om regjeringa på grunnlaget: streng nøytralitet. Det er greitt at det var serskilt viktig for Noreg at nærmeste grannelandet vårt tok så avgjort standpunkt for nøytraliteten. Den hjelpa Finnland skulle få, måtte da serleg koma ifrå privatfolk. Og såleis vart det i Noreg også. Stortinget kjenner til at dét her i landet har vorti innsamla millionar av kroner til hjelpe for Finnland, serleg for humanitære føremål; sanitets-ambulansar er sende dit bort, varer av ymse slag like eins. Regjeringa har gjevi utførselsløyve til Finnland for så viktige varer som bensin og gummi, og jamvel for ammunisjon frå private verk. Den meste våpen- og ammunisjonstilverkninga hos oss ligg i hendene på staten, og det ville vera brot

på nøytraliteten vår om vi selde statsvarer av dette slaget til Finnland; det har vi sagt frå om til den finske regjeringa den 13 desember at vi ikkje kunne gjera. Men varer til krigsbruk av privat tilverkning er vi ikkje bundne til å nekte utførsel for, det er fastslegi som mellomfolkeleg rett i Haag-konvensjonen nr. XIII fra 1907, art. 7.

I Noreg likså vel som i ymse andre land kom det opp ei rørsle for at friviljuge skulle melde seg til krigsteneste i Finnland. Her hos oss hadde vi i straffelova frå 1902, § 133, eit forbod mot å verve mannskap til framand krigsteneste, og etter serskilt lov frå 1937 har Kongen jamvel høve til å setja forbod imot å gje seg friviljukt ut i krig utelands. Dette høvet har Kongen enda ikkje nytta for dei krigane som no går på, og det bør heller ikkje bli nytta uta det av ein eller annen grunn skulle bli heilt naudsynt. Det er heller ikkje imot folkeretten at einskildmenner i nøytralt land går med i krig utelands, det er fastslegi i Haag-konvensjonen nr. V frå 1907, art. 6. Men i same konvensjon er det sett forbod imot å setje opp innrulleringskontor for hær-folk i eit nøytralt land. Dei kontora som har vori sett opp no her i vårt land, har serskilt kunngjort at dei berre skal vera til hjelp for friviljuge som alt har avgjort at dei vil til Finnland. Men ein lyst vedgå at dei er på kanten av det som skulle vera lovleg, og dei sluttar no med offentleg utlysing. Regjeringa har vedteki at offiserar ikkje skal få løyve til å gå friviljukt i krigen, og det kan vera grunn nok for dette vedtaket at landet sjølv har bruk for offiserane sine. Men det kan hende at vi sjølve får bruk for alle dei meinige verjepliktige òg. Og det kan dessuta vera andre grunnar til å tenkje vel etter om ikkje alle slike òg skulle bli nekta utferdsløyve.

Så har det vori spørsmål om ein skulle gje løyve til gjennomførsel for allslags krigsmateriell til Finnland, og det har vi rett til å gjera uta brot på nøytraliteten etter Haag-konvensjonane nr. V og XIII frå 1902, art. 7. Men slikt materiell må da ikkje koma med hær-fylge, og det er i det heile forbodi for nøytrale land å la hærstyrke frå eller til krigførande gå igjennom området deira (konv. nr. V art. 2). Straks føre jul fekk eg melding frå den finske regjeringa om at Storbritannia og Frankrike ville koma til å be om løyve til å la hærfolk fara gjennom Noreg til Finnland. Men noko slikt har vi ikkje fått. Derimot spurde den britiske og den franske regjeringa 27 og 28 desember om vi ville gje turvande lette for sendingar med krigsmateriell og teknikarar som skulle til Finnland; for dei to landa ynskte å hjelpe Finnland uoffisielt og indirekte. Dette siste har vi enda ikkje gjevi

offisielt svar på. Det er klart at vi har lovleg rett til å fylgje oppmodinga. Men det er tydeleg at dei to vestmakt-regjeringane hadde det klart for seg at det kunne vera visse farar for oss med dette; for dei sa med det same ifrå at dei, om vi så ynskte, ville vera viljuge til å gje Noreg og Sverige ein garanti for integriteten og sjølvstendet til desse to landa, om den hjelpa vi såleis ga Finnland skulle få farlege fylgjer for oss.

At slike farar i røynda kunne melde seg, det fekk eg varska om no siste fredags natta, eller kanskje eg heller skulle seia tidleg i otta laurdags morgenon (6 januar). For det var omlag kl. 3½ om morgenon at den russiske ministeren i Oslo kom ut til meg i heimen min og las opp for meg ein note han hadde fått ifrå regjeringa si og som detasta med å gje meg. Litt lenger ut på morgenon, kl. 5½, fekk eg noten i norsk tekst, og eg tenker det er best eg les opp teksten ordrett slik som eg fekk han. Målføringa er ikkje nett mönster-god, men ein får hugse på at omsetninga er gjort i ei skunding i ein sein nattetime, og ein får heller seia det er rosverdig at ein russisk legasjon skriv såpass norsk. Noten lyder:

«Efter opdrag av Regjeringen for Unionen av De Sosialistiske Sovjetrepublikker har jeg den ære å meddele følgende:

I den siste tid fører enkelte Den norske Regjering nærstående kretser og den norske presse en hemningsløs kampanje mot Unionen av De Sosialistiske Sovjetrepublikker, som ikke kan føre til noen annet enn til forvikling forhold mellom Unionen av De Sosialistiske Sovjetrepublikker og Norge.

Ovennevnte kampanje mot Unionen av De Sosialistiske Sovjetrepublikker går så langt som direkte å mane Norge til krig mot Unionen av De Sosialistiske Sovjetrepublikker. Oftere og oftere kommer frem i pressen henvendelser som opfordrer Den norske Regjering til å yde Ryti-Tanner regjeringen militær støtte mot Unionen av De Sosialistiske Sovjetrepublikker og det fordres at det skal optas utenlandsk lån til militære formål og i denne art offentliggjøres oprop i pressen om å sende til Finland våben og fly, der gis utalige meddelelser om at norske myndigheter har allerede lovet å påskynne transport av våben og såkalte frivillige, og militær utrustning allerede faktisk sendes gjennem Norge til Finland.

Denne fremtredenen møter ingenlunde noen motstand fra regjeringsorganers side. Ennu mer, enkelte offisielle personer som herr Hambro, general Aavatsmark, kaptein Aarflot og mange andre åpent medvirker i denne kampanje og endog tar aktiv del i den.

Under medvirkning av norske myndigheter er det på norsk territorium opprettet organisasjoner og vervningskomiteer for å oppflamme krigen på Finlands territorium mot Unionen av De Sosialistiske Sovjetrepublikker.

I spissen med regjeringsorganet «Arbeiderbladet» populariserer den norske presse organiseringen av såkalt frivillige mot Unio-

nen av De Sosialistiske Sovjetrepublikker og oppfordrer til vervning av den slags type «frivillige» og anbefaler å sende de til Finland.

I den siste tid var det endog meddelt at det er under dannelse spesiell divisjon for Finland av frivillige fra Oslo gruppens stater. Man kan ikke undlate å påpeke den åpenbare uoverensstemmelse mellom disse opfordringer og handlinger og nøytralitetspolitikken, som er kunngjort av Den norske Regjering. Denne ovennevnte uoverensstemmelse trær frem med særskilt kraft da det samtidig under tilsyn av norske myndigheter finner sted forsyning av Ryti-Tanner regjeringen med våben fra Norge og transit gjennem Norge til Finland av forskjellig art militærforsyning.

Regjeringen for Unionen av De Sosialistiske Sovjetrepublikker henleder Den norske Regjerings oppmerksomhet på de ovennevnte kjensgjerninger og handlinger fra de norske myndigheters side rettet mot Unionen av De Sosialistiske Sovjetrepublikker.

Regjeringen for Unionen av De Sosialistiske Sovjetrepublikker anser det for uopsettlig å erklaere Den norske Regjering at ovennevnte handlinger fra de norske myndigheters side ikke blott strider mot den av Den norske Regjering kunngjorte nøytralitetspolitikk, men kan også føre til uønskede forviklinger og skade de eksisterende normale forhold mellem Unionen av De Sosialistiske Sovjetrepublikker og Norge.»

Ein ser at den siste setninga inneholder eit tydeleg trugsmål, og eg skunda meg difor med å leggje noten fram for heile regjeringa straks same morgonen. Der vart det vedteki eit svar som eg kunne gje til sovjet-sendemannen kl. 12½ same dagen, laurdag. Det lydde såleis:

«I svar på Deres note til meg i dag har jeg den ære å uttale:

Det er meg en glede å kunne konstatere at de beskyldninger om brudd mot den norske regjerings nøytralitetspolitikk som er omtalt i den nevnte note, ikke bygger på riktige opplysninger.

Jeg vil aller først slå fast at norske myndigheter ikke har deltatt i og ikke vil få adgang til å delta i noen handlinger som strider mot Norges nøytralitet i den pågående krig i Finnland. Av de personer som særskilt er navngitt i noten, er general Aavatsmark for mange år siden trådt ut av tjenesten, og kaptein Åarflot er heller ikke aktiv offiser. Stortingspresident Hambro har overhode ikke medvirket i noen kampanje for å bryte Norges nøytralitet overfor Sovjet-Samveldet.

De oppfordringer til krig mot Sovjet-Samveldet for Finlands skyld som er komne fram i pressen, skriver seg allesammen fra privatpersoner, de er spredte meningsytringer og har ikke fått tilslutning fra noe ansvarlig hold.

Som De vet råder det full pressefrihet i Norge, og regjeringen kan ikke hindre at pressen bringer uttalelser i forskjellig retning både om landets egen og om fremmede lands politikk. Om de enkelte blad, eller innsendere i enkelte blad, uttaler seg imot den nøytralitetspolitikk som regjeringen har for-

kynt, så er dette uttrykk for opposisjon mot regjeringen, og det kan da ikke inneholde noe brudd på den nøytralitet vårt land hevder.

Norske myndigheter har absolutt ikke medvirket til å opprette organisasjoner og vervningskomiteer her i landet for deltagelse i krigen i Finnland. Heller ikke har norske myndigheter medvirket til å sende våpen eller militær utrustning til Finnland. Vervning til krigstjeneste i fremmed land er forbudt og straffbart etter norsk lov og blir derfor ikke tillatt. Det er ikke den norske regjering bekjent at det skulle være under dannelse en spesiell divisjon for Finnland av frivillige fra Oslogruppens stater.

Det er ikke noe brudd på nøytraliteten om enkeltpersoner frivillig reiser ut for å delta i krig utenlands. Men den norske regjering har ikke gitt og vil ikke gi tillatelse til noen offiser til å delta i krigen i Finnland på denne måten.

I Haag-konvensjonen nr. V fra 18 oktober 1907, art. 7, er det uttrykkelig fastslått at ingen nøytral stat er forpliktet til å hindre utførsel eller gjennomførsel av våpen og annet krigsmateriell for noen krigførende makts regning. Men Regjeringen vil dog bemerke at så vidt den bekjent har hittil ingen gjennomførsel av krigsmateriell til Finnland foregått i Norge, og privat utførsel av samme art bare i ytterst ringe utstrekning.

Jeg tar gå ut fra at disse opplysninger vil overbevise Deres regjering om at den norske regjering har opprettholdt og fremdeles akter å opprettholde den nøytralitet overfor krig i fremmed land som regjeringen selv har forkjent, og under hevdelsen av denne nøytralitet vil den nøye holde seg innenfor gjeldende traktater og alment godkjent folkerett.

Jeg er overbevist om at intet er skjett her i landet som er egnet til å føre til forviklinger mellom Norge og Sovjet-Samveldet eller forstyrre det normale forhold mellom de to regjeringer.»

Eg nemner at den svenske regjeringa har fått ein note fra Russland av omlag same innhaldet som noten til Noreg, og det svenske svaret kjem til å fylge noenlunde dei same linene som det norske.

No kan korkje eg eller nokon annan gå god for at dette svaret fører til den endskapen som det sjølv peiker på. Det kunne vera tenkeleg at Russland hadde planar imot oss som det i alle høve ynsker å setja i verk. Vi har krigen i Finnland tett inn på oss nord i Finnmarka, og vi har titt høyrt om at Russland kunne ha hug på hamner i Noreg. Difor har vi serskilt budd oss militært der nord. Men det kunne likevel vera tenkeleg at Russland berre vil skræme oss ifrå å la Storbritannia og Frankrike nytte landet vårt til hjelpesendingar for Finnland. I alle høve er det klart at vi må halde oss til nøytraliteten vår; det er det einaste som kan trygge oss imot krig.

Men i dette spørsmålet er det ikkje berre moglege ågangsplanar fra Russland vi må ha i tankane. Vi må samstundes rekne med den

makta som Russland no er i samband med, — Tyskland. Vi har inga visse for kor langt dette sambandet rekk. Eg har grunn til å tru at da desse to maktene gjorde opp vennskapspakt seg imellom, vart ingen ting omtala eller avtala om Finnland. Men Tyskland har likevel — trass i all den samkrigen med Finnland som finst der i landet — meint at det fekk halde seg heilt utafor den finsk-russiske striden, og den serskilde grunnen som er gjeven er den at Finnland lydde engelske råder i denne striden. Skulde no spørsmålet reise seg om russisk ågang mot Noreg eller Sverige, så trur eg vi må gå ut ifrå at Tyskland fyrst og fremst vil ta omsyn til tilhøvet til vestmaktene. Kan dei i Tyskland gjera seg den tanken at Noreg og Sverige på nokon måte går i samband med vestmaktene, eller at vestmaktene nyttar Noreg og Sverige i kriegen sin mot Tyskland, såleis at Russland blir hindra frå å vera til slik hjelp for Tyskland som den tyske regjeringa har ynskt, da vil Tyskland utvilsamt seia at vi har gjort fiendslege tiltak mot Tyskland, og da har vi krigen frå denne kanten.

Vi ser at vestmaktene på alle måtar vil ha oss til å hjelpe dei i den striden dei står i, og det blir kanskje snart umogleg å halde balansen imellom dei motsetningane som no er i strid i Europa. Det kan koma den stunda at det blir farleg å vera nøytral for di vi da kan koma i fiendskap til dei som meiner dei har bruk for oss og som i tilfelle ville hjelpe oss imot pågang frå andre kantar. Vi kan beinveges ha interesse av at Finnland får hjelp til å verja sjølvstendet sitt. Men farar trugar oss kva vi så gjer. Framleis er det naudsynt for oss å halde oppe nøytralitetspolitikken vår så langt som vi kan. Men den russiske noten frå laurdags morgenon og det britiske trugs-målet frå laurdags kvelden vitnar tydeleg om at det blir vandare dag for dag å få bli verande nøytral. Enda vil eg — mea eg har med desse sakene å gjera — stri for nøytraliteten så lenge det er mogleg. Kaldt og roleg får vi sjå på kvart einskilt spørsmål som melder seg, og døme etter det som synest oss tene landet til gagn ikkje berre i den nærmeste stunda, men i ei lengere framtid. Vi vil ha fred for landet vårt, for freden er eit vilkår for framgang og folkelukke. Men vi må vera budde på at vi ikkje får lov til å vera i fred, og da må vi føre ein politikk som i det minste gjev oss von om å kunna berge det nasjonale sjølvstendet og fridomen vår.

Presidenten: Presidenten vil foreslå at utenriksministerens foredrag blir mangfoldiggjort til bruk for stortingsrepresentantene, ikke trykt, men mangfoldiggjort på kon-

toret, og at det oversendes det nye storting. Presidenten går ut fra at de alvorlige betraktninger som utenriksministeren har anført, har krav på å bli studert av hver enkelt representant, og eventuelt bli drøftet når alle representanter har fått adgang til å studere innholdet i utenriksministerens foredrag. Men presidenten finner det rimelig, hvis nogen av representantene ønsker å stille spørsmål idag, eller å be om yderligere opplysninger fra utenriksministeren, at dette blir gjort med en gang, så det fyldigst mulige materiale kan foreligge når Stortinget går til en drøftelse av disse livsviktige spørsmål.

Joh. Ludw. Mowinckel: Jeg har bare et par spørsmål å stille utenriksministeren, som jeg gjerne vil ha besvaret til supplering av hans utredning. Det første spørsmål er: Hvad svarer Lord Halifax på vår sendemanns forestilling av 27 desember, da altså minister Colban søkte Lord Halifax for å protestere mot det politiske innslag som var kommet frem i handelsforhandlingene? — Det annet spørsmål er: Hvad er grunnen til at vi ikke ennå — nesten en måned etter hendingen — har kunnet konstatere, og derigjennem protestere mot, torpederingen av «Deptford»? Det er jo nett-op denne torpedering utenfor Stad som utvilsomt foregikk innenfor territorialgrensen, som fremfor noget annet har gitt Storbritannia grunn til nu siste lørdag å komme med den trusel som utenriksministeren nevnte. — Videre: Har Storbritannia fått beskjed om at undersøkelsene har vist at de to øvrige hendinger, utenfor Folda og i Vestfjorden, er skjedd utenfor tremilsgrensen?

Dessuten vil jeg spørre om der foreligger noget som skulde tyde på at Tyskland står bak den Sovjet-noten lørdag morgen som utenriksministeren omtalte. — Endelig et spørsmål til: Følger Regjeringen med oppmerksomhet det samarbeide mellom Sovjet og «Arbeideren»s fraksjon her i landet som utvilsomt foregår, og som selvfølgelig, når man dømmer etter «Arbeideren»s skriverier, er en fare, en meget stor fare for oss i den nuværende situasjon?

Det var disse spørsmål jeg gjerne vilde ha besvart, om utenriksministeren kan besvare dem.

Hr. Magnus Nilssen hadde her innatt presidentplassen.

Hambro: Det var bare ett spørsmål jeg vilde stille til utenriksministeren, idet jeg reserverer mig enhver drøftelse av de enkelte spørsmål til senere. — Så enig som jeg er med utenriksministeren i betydningen av å

oprettholde Norges nøytralitet, så uklar står jeg likeoverfor Regjeringens halvt private proklamasjon av Norges nøytralitet under krigen i Finnland. Jeg forstår ikke hvorfor vi skal pålegge oss en rekke vanskeligheter og ofre ved, uten nogen akt i statsråd på grunnlag av uttalelser av statsministeren og utenriksministeren, å bære nøytralitetens byrder i et tilfelle hvor ingen av statene har erklært krig. Det er ganske visst at vi i den pols-tyske konflikten erklærte oss nøytrale. Men f. eks. i den store pågående konflikten mellom Kina og Japan har Norge og den norske skibsfart og norsk handel høstet meget store fordeler derav at vi ikke har betraktet statene som værende i krig, likeså litt som nogen andre stater — uten muligens de nærmeste nabostater i Asia — har pålagt sig nøytralitetens byrder. Vi har forbeholdt oss vår frihet i de enkelte tilfelle. Jeg er enig i det syn at man ikke kan trekke for vidt de konsekvenser som folkerettlig er tillatelige av det forhold at der ikke er erklært krig, og at Norge ikke offisielt har erklært sin nøytralitet, men jeg vil anmode utenriksministeren om å la Stortingets medlemmer, og ganske særlig utenrikskomiteen, få en folkerettlig utredning av disse spørsmål. Jeg vet ikke om det er på grunnlag av en utredning av Utenriksdepartementets konsulent i folkerett at Regjeringen har inntatt denne holdning, men jeg vet at de mest fremskudte folkerettslærde i de nordiske land, som i andre stater, mener at det er svært lite vunnet og adskillig tapt ved ukallet å pålegge sig nøytralitetsforpliktelser i et tilfelle som det vi her står overfor. Jeg vil ikke uttale nogen endelig dom om dette, men jeg vil sette pris på — og jeg tror at svært mange av Stortingets medlemmer vil sette pris på — å få en utredning av de folkerettlige sider av dette spørsmål. Det er klart at nettop i denne proklamasjonen av vår nøytralitet gir vi en viss hjemmel for henvendelser som noten fra Russland. Men når man tenker på hvorledes Russland selv har optrådt både i konflikten mellom Kina og Japan og i konflikten i Spania, de mange taler som av Sovjet-Samveldets førstedelegerte har vært holdt i Geneve nettop under drøftelsen av disse konflikter, den uhyre bestemte måte hvor på Sovjet-Samveldet tidligere har protestert mot å trekke nøytralitetsopfatningen for vidt, og også har protestert mot en hvilken som helst anerkjennelse av en oprørsregjering, gir det et rikt materiale til besvarelse av enhver note som måtte komme fra Sovjet-Samveldet. Det forekommer mig at der er internasjonale aktiver som vi uten videre slår vrak på ved ukallet og halvoffisielt å erklære oss nøytrale i en konflikt som av ingen mak-

ter utenom Tyskland hittil er ansett for å være en konflikt som det er nødvendig for dem å ta standpunkt til gjennem offisielle nøytralitetserklæringer. Det er visstnok Tyskland alene som har erklært sig offisielt nøytralt i den pågående strid. Det er mulig at det har vært reelle betraktninger som har ligget til grunn for Regjeringens stilling, men de betraktninger må da være folkerettlig underbygget. Det er ikke tilstrekkelig i en sak av så vidtrekkende art som denne å bygge på et sundt skipperkjønn hvis realitet vi for så vidt kan være enige i alle sammen. Det er formene det gjelder mere enn noget annet i det internasjonale samkvem, og her har vi bundet oss, såvidt jeg kan skjønne uten fullgyldig årsak. Vi har, skjønt vi ikke var forpliktet til det, internert de 50 finske soldater som kom over grensen. Vi var forpliktet til å avvegne dem, men vi var ikke forpliktet til, og hadde heller ikke formell rett til, å internere dem. Jeg setter at russiske avdelinger på et visst antall menn blir trengt inn over den norske grense. Den norske regjering vil da selvfølgelig også bli nødt til, i konsekvens med hvad den har gjort, å internere disse russere. Da vil vistå like overfor den eventualitet at Russland erklærer at der ingen krig — det har uttrykkelig, og sist i noter til Folkeförbundet av 11 desember, erklært at der ingen krig foreligger — og med hvilke rett kan da den norske regjering internere russere? Det er et helt kompleks av spørsmål som her reises, og jeg er ikke på forhånd overbevist om at den løsning som den norske regjering, uten drøftelser hvis innhold er oss bekjent, har valgt, er den best mulige. Derfor vil jeg be om å få spørsmålet utredet.

Lykke: Jeg vil erklære mig meget enig i det hr. Hamro har sagt angående forholdet til Sovjet, og jeg synes ikke det hadde hatt noget hastverk med å besvare den noten. Vi kan komme tilbake til den senere.

Når jeg ba om ordet var på grunn av forslaget fra presidenten om at utenriksministrenes redegjørelse skulde mangfoldiggjøres, for at hver representant kunde få et eksemplar. Jeg er meget åpen for at representantene skal få mest mulig materiell, men her er vi inne på emner som ikke bør komme utenfor Stortinget. Disse referater av redegjørelsen bør ikke tas med hjem. Hvis man får disse eksemplarer, bør hver representant være opmerksom på hvad det er for et dokument han er blitt betrodd.

Det som hr. Mowinckel var inne på angående forholdet med hensyn til «Arbeideren», har jeg også bragt frem i utenrikskomiteen,

og jeg går ut fra at Stortinget nu får beskjed fra Regjeringen om det forhold.

Joh. Ludw. Mowinckel: Jeg forstod ikke president Hambros slik at utenriksministrenes foredrag skulde mangfoldiggjøres på den måte at hver stortingsmann skulde få et eksemplar. Jeg forstod ham slik at det skulde mangfoldiggjøres i et tilstrekkelig antall eksemplarer, slik at stortingsmennene kunde få anledning til å se det, enten det blev utlagt i Lagtinget, som tilfellet har vært ved lignende leiligheter før, eller ved henvendelse på kontoret. Jeg tror den siste fremgangsmåte vilde være å foretrekke i dette tilfelle.

Når jeg igjen ba om ordet var det for straks å ta avstand fra hr. Hambros nøytralitetslære. Skulde ikke vi i striden mellom Finnland og Russland — enten den nu kalles krig eller ikke krig fra Sovjets side — iaktta den samme omhyggelig nøytralitet som vi har iaktatt i kampen omkring Polen, så vet jeg opriktig talt ikke hvorledes vår stilling idag skulde være. Jeg skjønner det ikke. Jeg begriper for eksempel ikke hvorledes utenriksministeren skulde ha kunnet gi et fullt tilfredsstillende svar på Sovjets skarpe note, hvis den politikk vi hadde fulgt, var hr. Hambros politikk.

Statsråd Kohl: Eg skal freista svara på dei einskilde spørsmåla som hr. Mowinckel vende til meg i det fyrste innlegget sitt her. Han spurde først um kva svar lord Halifax hadde gjeve då den norske sendemannen i London tala til han den 27 desember um det skifte som hadde gått fyre seg i den britiske handelspolitikken mot Noreg, dei krava som Storbritannia sette til oss. Vi fekk det svaret at lord Halifax sjølv sagt skulde tenkja på saka, tenkja på dei argumenta, den fyrteljinga som vi hadde gjeve, men han gav oss ingen lovnad um at han kunde fylgja våre tankar. Tvertimot, han holdt fast på at det var naudsynt for England å føra slik ein politikk at det kunde vera trygg på — so vidt det var mogleg å vera trygg på det då — å vinna krigen, det var hovudformålet for England, so vi har endå ikkje fått noko svar som verkeleg kann føra frem.

So var det spørsmålet um desse tri mine-sprengjingane utanfor sjøsida vår frå Vestfjorden sør til Staden. Der er det soleis at dei norske lokale styremaktene vel har havt visse vanskar med dei sjøforklåringane som dei skulde taka upp. Etter mitt skyn — eg får lov til å segja det heilt ut som eg tenkjer det — tok ikkje dei lokale styremakter fat i desse sakene so fort som dei burde ha gjort; men frå Utanriksdepartementet vende vi oss med ein gong til Forsvarsdepartementet og Justis-

departementet med oppmoding um å skaffa oss alle dei upplysingane som måtte til. I skriftleg form har vi endå ikkje fått alle dei utgreiingane som må til, men, som eg sa, vi ventar dei i desse dagane. Det har teke si tid. Eg må segja eg har for min part vore svært lei for at det skulde taka so lang tid, men samanhengen er då som eg her har sagt. Det er ymse styremakter som skulde samarbeida, og samarbeidet har ikkje alltid vore so heilt som det burde ha vore. For di vi endå ikkje har havt noko endeleg resultat av desse ettergranskingsane, er det sjølv sagt at vi heller ikkje har kunna gjeva noka melding til noka regjering, korkje til den tyske eller til den britiske, um dette resultatet.

Hr. Mowinckel spurde um vi kjende noko teikn til at Tyskland stod bak den Sovjetnoten som vi fekk her no tidleg laurdag morgen. Nei, eg har ingen kjennskap til noko um nokon slik samanheng der. Vi har havt gjetord um dryftingar og samarbeid millom den tyske og den russiske regjeringa i spørsmålet um Nord-Sverige og Nord-Noreg, men det som har kome til oss um det, har vore avsanna offisielt. Det er mogleg at nokon ting etterpå kann ha hendt, men vi veit ingen ting, og må berre draga slutningar av dei fakta som ligg fyre. Eg har havt ymse dryftingar med representantar for Tyskland um desse spørsmåla, so eg trur eg kjenner tolleg godt det tyske standpunktet, serleg for di eg har kunna samföra det med upplysninga frå andre kantar. Eg trur at det som eg refererte her i dag um det tyske standpunktet, er det som er det rette, det er den konklusjonen som eg for min part i det minste er kommen til; men nokon serskild samanheng med umsyn til den siste noten veit eg då ikkje um.

Det siste spørsmålet som hr. Mowinckel nemnde, det um bladet «Arbeideren» her i landet, får eg lata justisministeren svara på; det er ei sak som Utanriksdepartementet ikkje beinveges kann leggja seg opp i.

Hr. Hambro retta i grunnen ikkje noko spørsmål til meg. Han uttala si personlege mening um ymse spørsmål, og han ynskte ei folkerettsleg utgreiing um dette hovudspørsmålet um krigstilstanden — eg får vel lov å kalla det so — i Finnland og nøytraliteten vår. For meg har det stått so — og eg trur det gjeld for heile Regjeringa, og det gjeld ikkje berre for den norske regjeringa, men likeso vel for den danske og den svenske, som eg har samrådt meg med i denne saka — at dette spørsmålet um nøytralitet er ikkje eit folkerettsleg spørsmål, men eit politisk spørsmål. Vi kann ikkje gå fram her etter folkerettslege former og sjå etter um Russland har sagt at no tar det til med krig. Det har gått inn i

Finnland med hermakt, det kaller vi andre for krig. Det var det same som Tyskland gjorde i Polen. Vi kalla det då offisielt og beint fram for krig, og eg trur vi kann kalla dette for krig, og då kann vi ikkje på nokon måte **gøyma oss under folkerettslege former** ei eller anna makt vel for framferda si, vi får taka realiteten. Realiteten er at det i dag blir ført krig i Finnland, og realiteten er dessutan den, utan umsyn til noko slag folkerettslege former, at Noreg og dei andre nordiske landa ynskjer å vera nøytrale.

Når vi då tek det standpunktet, det politiske standpunktet, er det klårt at det har sine praktiske konsekvensar på mange umråde. Ein av dei aller fyrste konsekvensane var dette med internering av dei finske herfolka som kom over den norske grensa. Eg får segja som det var, at der gjekk dei militære fram utan at dei vende seg til Utanriksdepartementet på fyrehand, og eg trur dei gjorde heilt rett i det. Dei tok det som ein naturleg konsekvens av krigstilstandet at krigsfolk frå framandt land som kom inn i vårt land, skulde bli avvæpna og internerte. — Vi måtte dessutan tenkje på den politiske konsekvensen som hr. Hambro nemnde, men som det syntest at han kjende seg noko skremd av, den konsekvensen at då blir vi og nøydde til å avvæpna og internere russiske soldatar. Sjølvsagt blir vi det. Skulde vi kunna tenkja oss at tusen eller two tusen russiske soldatar kom inn over Pasvikelva i Noreg, og so skulde vi lata dei kvila seg godt ut og so koma tilbake til Finnland og føra sin krig der? Kva skulde det vera for politikk? Nei, former er gode å ha, og serskilt former i folkerett millom statane er nyttige å ha, og dei skal vi byggja på — Noreg har ikkje sendt ut noka offisiell nøytralitetsfråsegn, for vi meinte at i dette tilfellet skulde vi ikkje nytta dei formene — men vi må taka konsekvensane av vår politikk, og det som det er spørsmål um her, er politikk, ikkje form.

Førre: Riktignok er det nevnt, at debatten om denne redegjørelse skal utstå til senere, men flere talere har vært inne på den situasjon vi er oppe i, og jeg finner ut fra min vurdering av den å ville advare imot at vi fortsetter med å vedlikeholde den folkestemning som nu behersker landet vårt. Forholdet er at for Russland må hele Norges stilling fortone sig som om vi, hele landet, er mobilisert til hjelp for Finnland, og selv om vi kan si, som president Roosevelt sa i en annen forbindelse, at vi ikke kan være nøytrale i våre hjerter overfor det overgrep som er skjedd like overfor Finnland, så må vi da avholde oss fra å ha hele landet så å si mobilisert, ved inn-

